



## FOLKETS HUS

Svelgen sitt gamle kultursenter blei innvigd i 1920.

16.mars 1920 blei det skipa eit lutlag der bygdefolket skaut inn kr. 8000,- Bremanger kraftselskap kr.5000,- og Ulvesund kredittbank (i Måløy) kr. 7000,-.

A/S Bremanger kraftselskap kjøpte det på tvangsauksjon etter at Ulvesund kredittbank gjekk konkurs.

I 1941 tok tyskarane huset og det var mykje ramponert.

I 1955 overtok Christiania Spigerverk huset og det blei fint restaurert og brukt fram til 1961 då Svelgen samfunnshus stod ferdig. Folkets Hus blei deretter brukt til lager, og i 1974 blei det reve for å gje plass til ny barnehage ve sidan av skulen.



Folkets Hus var i ordets rette forstand eit hus med ulike aktivitetar for folket i Svelgen. Før kapellet blei bygd fungerte det mellom anna som

kirkebygg. Klokketårnet vart bygd i 1946, og stod på Skuleberget.

Kommunikasjonen mellom ringar og prest føregjekk ved hjelp av ein løfta arm.

Aktivitetar i huset kan nemnast:

**SVELGEN SONGLAG** utmerka seg kvart år på songarstemne i Sunnfjord Songarsamband. Dei held øvingar i Folkets hus.



*Kosekveld i Svelgen  
musikklag 1957*



**KONSERTAR** med lokale musikarar som søstrene Jenny og Olga Ådland på orgel, Johan Olsen, Kåre Indrehus, Kolbjørn Halse, Johannes Halse, alle på fiolin

### **DANSEFESTAR**

**NYTTÅRSREVY** var fast innslag kvart år frå midten av trettiåra. Revyen var basert på hendingar gjennom siste året

**BASARAR** for alle dei frivillige organisasjonane;

**Sjømannsmisjonen.** Om det låg lastebåtar ved kai i Svelgen i jula, blei det arrangert juletreffest for mannskapet. Ungar fekk vere med. Pakkar blei delte ut med humoristiske namnelappar (til «han som snorkar høgst» eller «han med ømmaste stortåa» )

**Svelgen sanitetsforening.** Tuberkolose var svært utbreidd i 1930-åra, også i Svelgen. Saniteten arbeidde for begrensing og lindring av sjukdom. Leiar gjennom mange år var fru Kjølberg, ei myndig dame.

**Redningsselskapet** stod sterkt i Svelgen. Mange arbeidarar på Verket kom frå fiskarmiljøet i Bremanger.

**JULETREFESTAR** 3. juledag. Bollar frå bakar Sande og varm kakao (seinare rødbрус)

**1.MAI OG 17.MAI-FESTAR.** 1.mai var i industristaden like viktig som nasjonaldagen. Begge dagane blei feira med salutt frå Lisjekruna og hornmusikk i sentrum. Deretter var det barnetog, leikar og bollar og brus. Tevlingane var kappspringing, sekkeløp for gutane og potetløp


for jentene. For dei vaksne var det kapproing med start og mål ved Kjelkeneskaia.

**SKYTTARLAGSFESTAR.** Gulen skyttarlag blei skipa allereie i 1884.

Laget har hatt mange dyktige og aktive skyttarar. Alfred og Didrik Sande ilag med Tidemann Rise felte den siste bjørnen i Gulen, i 1893

**KINO.** Fram til slutten av 1930- talet var det fotograf Tonning frå Stryn som besøkte Svelgen med filmframvisning. Han kom med Nordfjordbåten med digre trekasser med utstyr. Mest populære var filmar der Alfred Maustad frå Bryggja var med.

Seinare blei det fast kino i Svelgen kvar søndagskveld etter at alle pendlarane var tilbake etter helgefri. Brødrene Hjalmar og Magnus Ådland hadde kjøpt filmutstyr og starta framsyningar. Søndagskinoen i Svelgen blei ofte avslutta med ein liten svingom etter grammofonmusikk.



1. Historia om Svelgen og Øyratunet
2. Rise bruk 3
3. Svelgen skule
4. Risegardane
5. Bustadutvikling
6. Folkets hus
7. Ungkarsmessa

8. Brakkehaugen
9. Nye huset til Peder Rise
10. Bakarhuset
11. Risebrua
12. Sjukestova
13. Villabakken
14. Bakketunet

15. Hus 4 og 5
16. Rustadtun
17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden
18. Sande og Risesaga
19. Elkem Bremanger
20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup
21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten

22. Fylkeskaia
23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken
24. Sandegardane
25. Skyssbåtane
26. Realen
27. Kapellet
28. Avslutning